

Arnt Johan Vistnes (f. 1977)

Sokneprest i Skåre, Stavanger bispedømme, tariffområde KA



Hva er din viktigste motivasjon for å stille til valg i Presteforeningen?

Eg ynskjer å vera med på å skapa så gode arbeidsvilkår me kan for prestane, slik at dei ynskjer å bli verande i tenesta over fleire år. I det arbeidet håpar eg å kunne vere med og bidra til at presteteneste er eit attraktivt yrkesval for fleire.

Eg vil og seie at eg opplever dette arbeidet som interessant og utviklende for meg sjølv – Eg ser at prestetenesta kan vera svært mangfaldig og aktuell for mange.

Hvilke saker/temaer mener du Presteforeningen bør ha særlig fokus på i neste periode?

Det er viktig at Presteforeningen held fram med å skapa gode arbeids- og lønsvilkår for prestane.

Rekruttering til presteteneste vil alltid vera ei utfordring. Me lyt arbeide både for å rekruttera studentar inn i vanleg presteteneste, få tilbake dei som har søkt seg vekk til anna arbeid og sikre ei god og meiningsfull utdanning for dei som kjem inn i presteteneste seinare i yrkeslivet.

I prosessen fram mot ein eventuell samanslåing av Presteforeningen, Diakonforbundet og KUFO, lyt me sikra at prestane opplever at den nye organisasjonen og er ein god profesjonsforening.

Me har allereie eit godt arbeidsplanleggingsverktøy i TID. Presteforeningen må sikre at tillitsvalde, prestane og prostane har god nok kompetanse på å bruka TID i planlegging og rapportering – slik at ein sikrar nok fritid og ein mest mogleg forutsigbar arbeidskvardag.

Det er eit relativt høgt tal sjukemeldingar blant prestar i DNK. Det er viktig at Presteforeningen er med på å bidra til at desse tala går ned.

Samme generalforsamling som i mars 2024 velger nytt sentralstyre, avgjør også om Presteforeningen skal gå inn i en ny felles organisasjon med Diakonforbundet og KUFO. Hvordan ser du på en slik sammenslåing, og hva mener du vil bli de viktigste oppgavene for en eventuelt ny felles organisasjon?

Eg trur at ei samanslåing er nødvendig for at me skal vera ein stor og slagkraftig nok organisasjon i åra som kjem. Eg trur og at dette er positivt for det tverrfaglege samarbeidet i kyrkja.

I ein ny organisasjon må me arbeide for at dei ulike faggruppene sin eigenart bli ivaretatt. Eg meiner det er naturleg at presten blir heia fram som leiar i det tverrfaglege, strategiske arbeidet.

Det er viktig å arbeide fram ein god organisering frå prostinivå, reigionalt til nasjonalt nivå. Her må me finne ut kor det er naturleg å vera samla som faggrupper og kvar for oss.

Det er og viktig at me opparbeider ei felles forståing om korleis me skal prioritere i det lønspolitiske arbeidet.

Mer om Arnt Johan Vistnes

Nåværende stilling og tidligere relevant jobberfaring:

- 2017 – Sokneprest, Skåre menighet, Haugaland prosti
- 2007 – 2017 Sokneprest, Nysæter kyrkjelyd, Sunnhordland prosti
- 2012 – 2013 Prosjektleiar, Ungdomsåret 2013 i Bjørgvin bispedøme
- 2006 – 2007 Kyrkjelydsprest, Bømlo kyrkjelege fellesråd.
- 2004 – 2006 Kateket og prestevikar, Norheim menighet og Karmsund prosti.

Relevant utdanning og etterutdanning:

- Cand. Theol 2004 MF
- Etterutdanning: Pastoral leiing VID 2020
- Etterutdanning: Teologi samfunn VID 2023-24

Tidligere og nåværende verv i PF:

- Lokallagsleiar Haugaland prosti frå 2018
- Medlem av stiftsstyret i Stavanger frå 2019
- Nestleiar i stiftsstyret i Stavanger frå 2021
- Fungerande leiar stiftsstyret i Stavanger frå april 2023 – februar 2024.